

INNOVASJON

Gründere, næringsutvikling og småbedrifter. Tips oss på tlf. 21 31 00 35 E-post: innovasjon@nationen.no

Konsulentane tilrådde Lid Jarnindustri å flagge ut. Men den tradisjonsrike verksemda valde i staden å satsa på nye investeringar heime i Hardanger. Det har dei ikkje angra på.

Sa nei til utflagging

NORHEIMSUND. Det starta i det små med produksjon av sykkelkjetting i 1948. I dag er det traktorutstyr for blant anna snørydding, vegvedlikehald og vedproduksjon. Og produksjonen går strykande, med røtene godt planta i lokalsamfunnet. I fjor tok salet av ei nylansert vedmaskin heilt av, og omsetninga gjekk i løpet av eitt år opp frå 48 til vel 63 millionar kroner.

Medan det eine norske industriselskapet etter det andre flytta heile eller delar av produksjonen til lavkostland, har Lid Jarnindustri AS i Steinsdalen bestemt seg for å utvikla produksjonen vidare på norsk jord. Resultatet i 2004 var det beste nokonsinne sidan starten i 1948. Dei 55 tilsette kan glede seg over trygge arbeidsplassar, utan å ha utflaggingsspøkelset hengande over hovudet.

Produktutvikling

– Men kvifor held de fram med produksjonen i Noreg når lønskostnadene i Aust-Europa eller Asia ligg på rundt 10 prosent av kostnadene her til lands?

– Fram mot våren 2003 fekk me mange brev med tilbod om utflagging. Konsulentar frå alle kantar tok kontakt, med lovnader om lysande utsikter, låge produksjonsutgifter og høgare avkastning. Men me hadde ikkje noko ynskje om å flytta produksjonen utanlands. Det er framleis ei familieverksemd, og me ynskjer å yta ein innsats i lokalsamfunnet. Difor vart det fatta eit vedtak i



SNØFRESAR. Ulike typar snøfresarar har lenge vore eit sentralt produkt frå Lid Jarnindustri AS. Her er Odd Træbakken i gang med å møntere vifter på snøfresarane.

styret om heller å fokusera på produktutvikling og effektiv produksjon, seier marknads- og IT-ansvarleg Dag Rune Lid.

– Me gjekk på mange måtar mot straumen. Dei som takka nei til utflagging i perioden 2000–2003, vart sett på med undring, og stempla som lite «visjonære», legg han til.

– Er det mogleg å konkurrera med produsentar frå lavkostland?

– Det er umogleg å konkurrera på pris. Men det er fullt mogleg å produsera i Noreg dersom ein vågar å satsa seriøst på produktutvikling, høg kvalitet og effektiv drift. Marknaden er oppteken av levetidskostnader og driftstryggleik. Det er alltid kundar som også er villige til å betala for kvalitetsprodukt. Det er difor viktig å utnytta fordelane i eit høgkostland. Me har kompetanse som er avgjerande innan produktutvikling og design, seier Lid.

Krev satsing


Men det har kosta. Å seia nei til utflagging krev investeringar i topp moderne utstyr. Produksjonen må vere så kostnadseffektiv og rasjonell som råd er. Samstundes vert kravet til kvalitet og levetid på produktet sett høgt. Det to siste åra har verksemda investert rundt 10 millionar kroner, i mellom anna ny laserskjeremaskin og maskineringscenter. Store delar av produksjonen er datastyrt, med direkte datalinjer mellom digitale 3D-teikningar og produksjonsmaskinene. Avanserte maskiner og robothåndtering gjer produksjonen effektiv. Arbeidskrafta vert betre utnytta og produksjonen meir presis.

– Har investeringa lønt seg?

– Det siste innkjøpet av laserskjeremaskin er den beste investeringa me har gjort nokon gong, seier Dag Rune Lid, tydeleg nøgd.

Satsinga på høg produktivetsgrad og nøyaktig produksjon gjev allereie god avkastning. Den siste femaksa maskineringscenteret er ti gonger raskare enn den gamle på enkelte funksjonar. Reduksjonen i prosesseringstid på ein del komponentar er redusert med opptil 75 prosent. Maskina kan programmerast til å arbeide døgnet rundt på eiga hand.

I løpet av dei siste 15 åra har verksemda tred-



INVESTETERE LOKALT: Lid Jarnindustri ynskte heller å yta ein innsats i lokalsamfunnet

Det siste innkjøpet av laserskjeremaskin er den beste investeringa me har gjort nokon gong.

Dag Rune Lid, Lid Jarnindustri

bla omsetninga med den same arbeidsstokken.

Innovasjon Norge har vore ein aktiv støtte-spelar i dei to siste investeringane, og har samstundes vore med under fleire utviklingsprosjekt gjennom SkatteFUNN-ordninga.

– Når me vågar å satsa, opplever me Innovasjon Norge som svært positive, seier Lid.

Nytenking

– Men det nyttar ikkje å kvila på laurbæra. Utan fornying døyr verksemda. Ein må våge å satsa for å verte så effektive som mogeleg. Me må alltid vera i forkant av utviklinga. Nytenking, design, funksjonalitet og driftstryggleik er viktige stikkord dersom me skal lukkast i ein tøff marknad, seier Lid vidare.

Industrieventyret i Steinsdalen starta i 1948. Gründaren Samson Lid såg moglegheitene i marknaden i etterkrigstida, og han bestemte seg for å starta opp produksjon av sykkelkjettingen

KAN SPARE SKATTEPENGER

SKATTEREFORM. En rekke bedrifter og næringsdrivende kan spare gode penger på å endre selskapsform fra nyttår. Da trer den nye skattereformen i kraft, med utbytteskatt og økt skatt for eiere.

Hvis man for eksempel eier flere AS, kan ett bli holdings-

skap skattefritt, skriver bladet Dine Penger, som anbefaler bedriftseiere å søke råd hos advokat og regnskapsfører om hvilke endringer som bør gjøres.

Bladet anbefaler også blant annet å selge unna driftsmidler før årsskiftet.



Helen Bjørnøy

SLIPPER DYRT SKJEMAVELDE

KJEMIKALIEINFORMASJON. Norsk næringsliv bruker årlig store summer på å registrere kjemikalieinformasjon i private databaser, til tross for at Miljøverndepartementet har opprettet et gratis alternativ.

Alle som produserer, importerer eller selger farlige kjemikalier til

yrkesbruk har plikt til å legge ved en beskrivelse av produktet, såkalte HMS-datablader. Men mulige kunder krever at informasjonen også legges inn i dyre, private databaser.

Nå har altså Miljøvernminister Helen Bjørnøy opprettet et gratis alternativ, Produktinformasjonsbanken.



FAKTA OM LID

- Lid Jarnindustri AS
- Stad: Norheimsund, Hardanger
- Omsetning: 2003: 48,2 mill
2004: 62,5 mill
- Driftsresultat: 2003: 2,8 mill
2004: 8,1 mill
- Resultat før skatt: 2003: 2,9 mill
2004: 8,1 mill
- Forventa omsetning 2005: om lag 56 mill.
- Forventa driftsresultat for 2005: om lag 2,8 mill.
- Talet på tilsette: 55
- Eigarar: Familiebedrift, seks søsken.
- Forretningsidé: Produsere traktormontert utstyr for landbruks- og kommunalmarkedet.

FAKTA UTFLAGGING

- Meir enn kvar femte industribedrift har i løpet av det siste året erstatta viktige norske underleverandørar med utanlandske.
- Høg aktivitet i verkstadsindustri har no i nokon grad dempa interessa for å etablere verksemd i utlandet.
- Om lag kvar fjerde NHO-bedrift har det siste året erstatta tenesteproduksjon i eigen regi med kjøp av tenester, og ein stadig større del kjøper desse tenestene frå utlandet.
- Høgare lønnskostnader, høge skattar og kronekurs er dei viktigaste grunnane til utflagging. Prosess- og verkstadsindustrien samt reiselivsnæringa oppgi sterk krone som svært viktig for lokaliseringval.

KJELDE: Næringslivets økonibarometer, NHO

ved å investera i Hardanger, heller enn å flagga ut. Her marknads- og IT-ansvarleg Dag Rune Lid ved den aller siste investeringa, eit nytt datastyrt maskineringscenter.

ALLE FOTO: LARS A. OMA

«Grabb». Sjølv om han hadde stor tru på produktet, måtte han takla fleire tøffe motbakkar før han kom skikkeleg i gang.

Etter krigen vart alt produksjonsutstyr rasjonert ut i kvotar. Men med god hjelp av vener klarte han å få tak i ei eksenterpresse på 16 tonn frå Danmark. Men denne investeringa gjorde eit stort innhogg i startkapitalen, og fleire problem i oppstarten gjorde at banken sa nei til vidare satsing.

Men Samson gav ikkje opp. Han fekk gode naboar til å kausjonera for seg. Dei hadde tru på gründeren. Sidan den gongen har verksemda vakse seg stor og levedyktig, og produserar i dag traktorbasert utstyr for snørydding, vegvedlikehald, vedproduksjon, grashåndtering og løfting. Hovedmarknaden er i Noreg, men eksporten til land som Tyskland, England og Sverige er aukande.

LARS A. OMA

Utflaggingsbølgen flater ut

Mye tyder på at utflaggingsbølgen kan være i ferd med å flate ut. Men økonomene frykter at en ny styrking av kronen kan få bølgen til å reise seg igjen.

– Jeg kan spore en viss tendens til utflating innen verkstedindustrien. Det skyldes nok at vi for tiden har et meget sterkt norsk hjemmemarked, først og fremst i forbindelse med den sterke veksten i oljeinvesteringene. Men dersom kronen fortsetter å styrke seg og blir værende høy over en lengre periode, slik tilfellet var i annet halvår 2002, vil utflagging og utbygging av norske underleverandører med utenlandske igjen kunne skyte fart, sier sjeføkonom Tor Steig i NHO.

– Stemmer det at noen bedrifter er på

vei tilbake til Norge?

– Bedriftene planlegger en viss økning også i investeringene i Norge. De viktigste grunnene til å gjøre Norge til et attraktivt investeringsland er veldig bransjeavhengig. Våre undersøkelser viser imidlertid at gjennomsnittsbefridten legger mest vekt på ansvarlighet i den økonomiske politikken – som i klartekst betyr konkurransedyktig valuta, gunstig skattenivå og innretning, tilgang på kompetent arbeidskraft, og konkurransedyktige lønnskostnader, sier Steig.

– Det er interessant å legge merke til at reiselivsbedriftene er nesten like opptatt av å unngå for sterk kronekurs som det industrien er. I tillegg er prosessindustrien

svært opptatt av sikker tilgang på energi til fornuftig og konkurransedyktig pris, sier Steig videre.

Informasjonssjef Einar Braathen i Teknologibedriftenes Landsforening (TBL) har også en følelse av at utflaggingsbølgen som kom skyllende inn over norske bedrifter på slutten av 90-tallet er i ferd med å avta. – For det første har den norske kronen vært gunstig det siste halvåret. Og selv om vi ikke har sikker statistikk på dette, tyder mye på at enkelte bedrifter har opplevd manglende innfrielse av forventningene til virksomheten i utlandet. Flere velger i stedet å satse på det trygge og kjente. Det er inntrykk jeg sitter igjen med etter å snakket med medlemmene, sier Braathen.